



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref  
17/69 17/5609

Vår ref  
17/69-

Dato  
04.04.2017

**Spørsmål til St.meld. nr. 31 (2000-2001) om ansvarsforhold for veglys langs offentlig veg**

Viser til brev datert 20. februar 2017.

Det er ikkje vedteke endringar i prinsippa for ansvarsdelinga av veglys langs offentlig veg etter St.meld. nr. 31 (2000-2001). Samferdselsdepartementet har ikkje sett behov for ei ny vurdering av prinsippa. Det er dermed den tidlegare ansvarsdelinga som gjeld.

Staten er vegstyremakt for riksveger, fylkeskommunen for fylkesveger og kommunen for kommunale veger, jf. veglova § 9. Det er den aktuelle vegstyremakt som ber utgiftene for drift av vegar, jf. veglova § 20. Utgifter til veglys blir rekna som ein del av utgiftene til drift av vegen i tilfelle der lys er sette opp av omsyn til trafikktryggleik. Vegstyremakta avgjer, ut frå eit trafikkfagleg synspunkt, kva som er naudsynt og ønskeleg av omsyn til trafikktryggleik.

Veglys som er sette opp av andre omsyn enn trafikktryggleik omfattast ikkje av ansvarsdelinga i veglova § 20. Veglys som blir sett opp av omsyn til t.d. allmenn tryggleik, trivsel og miljø er vanlegvis grunngitt i lokalpolitiske ønske og prioriteringar og vil derfor som regel vere kommunen sitt ansvar.

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
<http://www.sd.dep.no/>

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 904

Veg- og  
trafikkikkerhetsavdelingen

Saksbehandler  
Øyvind Stokka  
22249090

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)  
avdelingsdirektør

Øyvind Stokka  
fyrstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturer.*

Kopi til:  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Olje- og energidepartementet